

UTTALE FRÅ ODDA VENSTRE OM FLAUMLUKEALTERNATIV FOR OPO

Odda Venstre har vurdert rapporten om flaumluker som sikring av Opo og områda kring Sandvinsvatnet. Ved rett bruk av flaumluker, vil vasshøgden i Sandvinsvatnet kunne reduserast med inntil 1 meter under flaumtoppar. Kritisk vasshøgde for flaumar på Sandvin er 87,9 meter. I siste tiårsperiode har Sandvinsvatnet overstige denne høgda ca 50 gongar. Med ein reduksjon i vasshøgda med flaumluker på mellom 0,6 til 0,8 meter, ville Sandvin i same perioden hatt 5 slike flaumar. Utanom storflaumen i 2014 ville vasshøgda dei 4 andre gongane ha vore 20-40 cm over 87,9 m.

Flaumluker vil ikkje sikre Sandvin like godt som ein flaumtunell, der ein ville unngått flaum på Sandvin også i 2014 med ein kapasitet på 500 kbm.

For Opo nedstraums Sandvinsvatnet er det no gjennomført flaumsikringstiltak i dei områda som fekk skade under flaumen i 2014. Flaumen i 2014 er no karakterisert som ein 100-års-flaum. Det vil framleis vera usikkert om kva eventuelle skader ein tilsvarande eller større flaum vil gjera etter sikringsarbeidet, men bustader og sjukehus skal i utgangspunktet vera sikra godt mot slike flaumar. Mest utsett for skader ved endå større flaumar er brua over Opo i Odda Sentrum og usikra landbruksområder i området nær utfallsosen. I tillegg er det fare for at elva ved flaumar over 700-800 kbm renn ned i R13 og kan skade svært mange hus og Odda Sjukehus.

Flaumluker vil ved rett bruk kunne redusera flaumtoppen med mellom 40 og 100 kbm. Det vil i tillegg byggast voll mot Jordalsvegen/R13 slik at faren for flaum i R13 vert sterkt redusert. Dette vil derimot gje auka flaum på Sandvin ved ein eventuell flaum på over 700-800 kbm.

Samfunnsnyttan av flaumluker er i rapporten vurdert til 40 millionar, som aukar til 220 millionar ved å bruka 40 % klimapåslag. Samfunnsnyttan er vurder for områda sør for Sandvinsvatnet, og det er ikkje vurdert nytte for områda nedstrøms Sandvinsvatnet.

Med både flaumluker og flaumtunell vil området mellom Sandvin og Hildal ha minkande effekt på flaumnivå dess nærmare Hildal ein kjem. For begge alterativa bør det gjerast utgraving i elveløpet for å sikra raskare og tryggare vassføring i flaumsituasjonar. For privatbustadområdet på Hildal må det gjennomførast flaumsikringstiltak for Hildalselva som omtalt i mulighetsstudiet.

Ut frå ei samla vurdering med omsyn til verneverdiar i det freda Opovassdraget og uvissa om eventuell reaktivering av ureining i Sørfjorden, vil Odda Venstre gje følgande uttale om flaumlukealternativet og sikring ellers av Opovassdraget:

1. Odda Venstre tilrår at Opo og Sandvinsvatnet vert sikra med flaumluker under forutsetning av staleg finansiering av desse.
2. Odda Venstre ber om at arbeidet med flaumluker vert iversett så snart som det er mogleg.
3. Odda Venstre ber om at arbeidet med elveløpet mellom Sandvin og Hildal og flaumsirking av Hildalselva vert gjennomført innan 2019.
4. Odda Venstre ber om at opprensing av stein, grus og sand av Storelva mellom Hildal og Skarsmo vert gjennomført. R13 er den einaste vegen sørover frå Odda, og dette er viktig for å unngå utgravingar og langvarig stenging av vegen som i 2014.

Odda Venstre